

Utdanningsplan Helse Fonna – Lungesjukdomar – Haugesund sjukehus

Spesialitet : Spesialiteten i Lungesjukdomar

Utdanningsverksemda skal sørge for at utdanninga av legespesialistar skjer innan fagleg forsvarlege rammer og på ein måte som sikrar tilstrekkeleg kvalitet og gjennomstrømming i utdanningsløpet. Det skal lagast ein **overordna utdanningsplan** for den enkelte spesialitet som angir korleis verksemda vil sikre at leger i spesialisering kan oppnå læringsmåla. Formålet med den overordna utdanningsplanen for kvar av spesialitetane er å skildre oppbygging og rekkefølge for heile utdanningsløpet i spesialiteten, inkludert spesialiserings-/suppleringsteneste.

LIS 3 utdanninga byggjer på LIS 2. Desse utdanningsløpa må såleis bli sett i samanheng. Vaktarbeid, organisasjon, administrasjon m.m. vil også vera felles for LIS 2 og LIS 3 i Haugesund. Endringar i overordna planar vil medføre endringar både for LIS 2 og LIS 3 lungesjukdomar. Endringar og oppdateringar er i kontinuerleg prosess. For å sikre gjennomgåande oppdaterte planar mellom LIS 2 og utdanningsplanen LIS 3 lungesjukdomar Helse Fonna Haugesund Sjukehus, vel me å vise til [Overordnet utdanningsplan LIS2 indremedisin Haugesund Sjukehus](#) for det som er felles i den vidare skildringa av LIS 3 lungesjukdomar.

Heile LIS 3 lungesjukdomar sitt utdanningsløp kan ikkje gjennomførast i Helse Fonna. Samarbeidsavtale om 1 år suppleringsteneste vil måtte bli inngått med Lungeavdelingen, Haukeland Universitetssjukehus (HUS), Bergen.

Målsetjinga med utdanningsverksemda er å gje kandidaten ferdigheit og innsikt i utgreiing og behandling av lungesjukdomar. Dette oppnåast ved å:

1. Legge til rette for at utdanningskandidatane får ei god og målretta LIS 3 utdanning i lungesjukdomar
2. Legge forholde til rette for oppnåing av læringsmål knytt til LIS 3 lungesjukdomar.

Integrere spesialistutdanninga i drifta av seksjonen med mål om å kombinere god utdanning med god drift.

Skildring av utdanningsverksemda

Viser til [Overordna utdanningsplan LIS2 indremedisin Haugesund Sjukehus](#).

Spesifikt for LIS 3 lungesjukdomar er som følger:

Lungeseksjonen:

Befolkningsunderlag på ca. 110.000. I tillegg mottar seksjonen pasientar frå heile Helse Fonna sitt nedslagsområde (totalt ca 170000) for tuberkuloseutgreiing/-behandling, samt også pasientar som skal gjennomgå spesielle lungerelaterte prosedyrar som EBUS og CT-veileda biopsi.

Lungeseksjonen ligg under Medisinsk klinikk, Helse Fonna.

Lungepostane:

Lungeseksjonen har to lungepostar med til saman 15 senger. Fram til 01.03.19 var det 19 senger knytt til lungeseksjonen, men ein har valt å prioritere poliklinisk utgreiing, dette på bakgrunn av m.a. pakkeforløpspatientane, derav nedtak av senger og auka poliklinisk verksemd. Det er ca. 1200 innleggingar på lungepostane pr. år.

Byggetrinn 2 (sø-øst blokk) er i gang og vil vere ferdigstilt i 2027.

Der vil lungepoliklinikk med eige skopilaboratorium flytte inn vegg i vegg med hjerteavdelinga sine nye lokaler.

Samstundes vil vi få ny avdelt respirasjonsovervåking knytta til fellesareale med medisinsk overvåkingseining.

Lungepoliklinikk:

Lungepoliklinikken driv brei poliklinisk verksemd med til saman ca. 3500 konsultasjonar pr. år.

Nystarta (01.03.19) dagpost for utredning av pakkeforløp.

Elles er det KOLS-poliklinikk, oksygenkontrollar, astmakontroller, bronkiektasikontrollar (gjerne i samarbeid med lungefysioterapeut), kontroll av interstitielle lungesjukdomar, sarkoidose og lungekreft. Det blir utført spirometritestar, diffusjonstestar, metacholinprovokasjonstestar, ergospirometritestar, gangtestar, blodgassanalyser, indusert sputum og pleuratappingar/pleurabiopsier samt eksufflering av pneumothorax.

I tillegg har ein bronkoskopi-undersøkingar (organisert under Gastrolab/-pol) to halve dagar i veka med mogelegheit for ein ekstra dag for bronkoskopi kvar andre fredag.

Kjemoterapi-/immunterapi-behandling (organisert under Kreftpoliklinikken) for lungekreftpasientane styrt av lungelegar/LIS 3 under supervisjon. NIV-behandling (CPAP/BiPaP) blir gitt på hjerteovervåkingspost/intensivpost, lungelegane går oftast tilsyn/visitt på desse pasientane.'

Heimerespiratorteam: 1 overlege og 1 sjukepleiar som har ansvar for pasientane som har heimerespiratorbehandling. Teamet består ellers av 1 ØNH lege, 1 nevrolog, 1 intensivsjukepleiar, 1 nevrologisykepleier samt ein fysioterapeut.

Haugesund sjukehus har ansvar for tuberkuloseutgreiing i Helse Fonna og tuberkulosekoordinatoren i Helse Fonna (100%) er tilknytt Lungeseksjonen her.

Behandling av Aktiv og latent TBC skjer ved lungepoliklinikk i Haugesund.

Stillingar:

Det er 4 overlegestillingar og 4 LIS-stillingar knytt til Lungeseksjonen, 3 av 4 overlegar er ferdig utdanna lungespesialistar. Den fjerde har lang erfaring innan lungemedisin, men er ikkje formelt lungespesialist.

B-grein-kandidat i lungesjukdomar, frå 2020 har det til ei kvar tid vore 2 LIS legar i spesialisering lungemedisin.

Det er 3 utdanna lungesjukepleiarar i Lungeseksjonen og 3 utdanna kreftsjukepleiarar. Det er 100% fagsjukepleiar i lungefaget.

Vaktordning:

Overlegane er knytt til den generelle 12-delte overlegevaktordninga i Medisinsk klinikk (frå 6.mars 2023).

Alle overlegane er i full stilling. Ein av overlegane går ikkje lenger i vakt men har i staden lungepoliklinisk virksomhet ved sjukehuset i Odda ein 2 dagar i månaden.

Vedr. LIS: Sjå Overordna utdanningsplan LIS2 indremedisin Haugesund Sjukehus.

Dagsorden:

70% av arbeidet til LIS som er tilsett i Lungeseksjonen er knytt til lungerelatert arbeid. Det er forsøkt utarbeide ca. 2-3-månadersplan over arbeidsoppgåver gjennom avansert oppgåveplanlegging. Av denne framgår arbeidsoppgåver for alle legane, inkludert LIS3 og LIS2, som postarbeid, poliklinikk, fordjuping, undervising og andre arbeidsoppgåver.

Det er ein postoverlege tilknytt kvar av lungesengepostane.

Det er tavlemøte kvar dag med gjennomgang av alle innlagte pasientar med overlege, LIS og sjukepleiarar tilstade. Etter det startar arbeidet med previsitt og visitt.

Kvar onsdag blir det avholdt forbetningsmøte for heile avdelinga.

Etter visitten er det postarbeid og div. prosedyrar som t.d. pleuratappingar. Alle LIS har regelmessig poliklinikk som også framgår i oppgåveplanlegging. I tillegg får LIS3 opplæring i bronkoskopi/EBUS med supervisjon, eksuflering av pneumothorax etter prosedyrerelaterte komplikasjonar, kreftpoliklinikk og behandling med cytostatika/immunoterapi/målretta medikasjon.

Beskrivelse av utdanningsløpa

Viser til [Overordnet utdanningsplan LIS2 indremedisin Haugesund Sykehus](#). Spesifikt for LIS 3 lungesjukdomar Helse Fonna, Haugesund Sykehus er som følger:

Det er planlagt at LIS 3 i lungesjukdomar er på Lungeseksjonen i første omgang i ca. 1,5 år. For spesialiteten LIS 3 lungesjukdomar kan dei fleste, men ikkje alle, læringsmål bli oppnådd i Haugesund. Eitt år teneste for å oppnå spesifikke læringsmål må avtalast med Lungeavdelingen, Haukeland Universitetssykehus (HUS). Kandidatane må samtidig fullføre LIS2 indremedisin utdanningsplan og det visast til egen utdanningsplan for detaljer i denne. Me forventar at utdanninga (LIS 2 og LIS 3) er gjennomført på normert tid.

Introduksjon av nye LIS

Viser til [Overordnet utdanningsplan LIS2 indremedisin Haugesund Sykehus](#). Spesifikt for LIS 3 lungesjukdomar Helse Fonna, Haugesund Sykehus er som følger:

Mottar informasjonsmateriell/introduksjonspakke pr. mail frå leiinga på lungeseksjonen.

Tilgang og opplæring til ulike nasjonale helseregister (kreftregister).

Første dag/dagar på lungepost er saman med overlege og også gjerne to LIS.

Første dag/dagar på poliklinikk er det avsett god tid og få pasientar, slik at ein får gå gjennom rutinar/opplæring.

Supervisjon, veiledning og faglig utvikling.

Viser til [Overordnet utdanningsplan LIS2 indremedisin Haugesund Sykehus](#)

Spesifikt for LIS 3 lungesjukdomar Helse Fonna, Haugesund Sykehus gjelder dette:

Det er to overlegar som superviserer på previsitt, og dei er gjerne med på visitt på lungepostane. Det er overlege tilgjengeleg for supervisjon når LIS har poliklinikk. All opplæring i prosedyrar som pleuratapping/biopsi/bronkoskopi og anna føregår ved supervisjon i tillegg til teoretisk læring.

Kvar fredag multidisiplinære teammøter (MDT) med lungelege, radiolog, patolog, kreftsjukepleiar og forløpskoordinator tilstade lokalt. Regionalt er også thoraxkirurg, onkolog, patolog, nukleærmedisiner, Lungelegar ved Universitetssjukehus tilstades for beslutning behandling lungekreft. Desse samarbeidsmøta varer inntil 60 min.

Vurdering og dokumentasjon av oppnådde læringsmål

Viser til [Overordnet utdanningsplan LIS2 indremedisin Haugesund Sykehus](#).

For måloppnåelse vil LIS evalueres fortløpende i det kliniske arbeidet. Det vil på bakgrunn av Helsedirektoratets veileder i kompetansevurdering utarbeides og bygges kompetanse på ulike evalueringsmetoder som vil gjøres kjent for LIS og veileder. Supervisjon vil være hovedfokus for den formative vurderingen og det vil i tillegg etableres et forum (evalueringskollegium) der spesialister samles for systematisk summere LIS legens kompetanse og dokumentere dette i kompetanseportalene. Det legges opp til 4 slike møter i året.

Ved godkjenning av læringsmål er det viktig å vurdere ordlyden i læringsmålet. Det må skilles tydelig mellom kunnskapsmål (kan nås ved litteraturlesing/kurs/internundervisning alene) og ferdighetsmål (krever klinisk tjeneste) og hvilket nivå som kreves på kunnskap eller ferdighet.

- Kunnskapsmål:
 - Nivå 1: Kjenne til / ha kjennskap til / ha grunnleggende kunnskap om 6
 - Nivå 2: Ha kunnskap om
 - Nivå 3: Ha god kunnskap om

- Ferdighetsmål:

- Nivå 1: Ha kjennskap til hvordan utføre / ha kjennskap til prosedyre
- Nivå 2: Kunne utføre under supervisjon / beherske / kunne behandle/diagnostisere/utføre
- Nivå 3: Kunne utføre selvstendig / selvstendig beherske / selvstendig kunne behandle/diagnostisere/utføre

I praksis vil vurderingen av utdanningskandidatene følge følgende rammer:

1. Utdanningskandidatene skal sende inn utførte læringsaktiviteter fortløpende til supervisor / veileder.
2. Veileder / supervisor vurderer gjennomføringen av læringsaktiviteten.
3. Når alle læringsaktiviteter er fullført sender kandidaten læringsmålet til godkjenning hos den som leder har delegert dette til (normalt veileder).
4. Ved tvil om læringsmål kan godkjennes må dette diskuteres i evalueringsskollegium (planlagt arrangert hvert kvartal). Veileder har ansvaret for å gi tilbakemelding til kandidaten om læringsmål som ikke ble godkjent og hva som må gjøres for å få godkjenning.

Teoretisk undervisning:

viser til [Overordnet utdanningsplan LIS2 indremedisin Haugesund Sykehus](#)
Spesifikt for LIS 3 lungesjukdomar Helse Fonna, Haugesund Sykehus er som følger:

Internundervisning i lungesjukdomar lokalt kvar tysdag kl.11.45-12.30.

Internundervisning i lungesjukdomar i samarbeid med Lungeavdelingen på Haukeland kvar mandag/torsdag kl.12.00-12.30.

Tverrfagleg lungemøte(MDT) (radiolog, patolog, lungelege) kvar fredag kl.09.00-10.00

Dette vil til saman tilsvare minst 70 timar lungeundervisning pr. år.

I tillegg morgonundervisning tirsdag – torsdag 15min

Legenes felles fredagsundervisning kvar andre fredag - 30min

Kvar onsdag lunsj-undervisning kl. 11:45 – 12:30: Felles internundervisning for hele medisinsk klinikk. Oppsatte emner fra læringsmålene for LIS2 indremedisin gjeldende innen lungemedisin. Planlegges totalt for 40 uker pr. år (ca. 6-7 timer gjeldende innen lungemedisin).

Felles kompetansemål (FKM)

Viser til [Overordnet utdanningsplan LIS2 indremedisin Haugesund Sykehus](#)

Utdanningsutval og utdanningsansvarlig overlege

Viser til [Overordnet utdanningsplan LIS2 indremedisin Haugesund Sykehus](#)

Utdanningsutval for LIS 3 lungesjukdomar Helse Fonna, Haugesund Sykehus:
Spesialistar i lungesjukdomar Sverre Fluge, Lan Le, Eva Karin Schmidt samt
overlege Atle Totland. Utdanningskandidat 2 LIS3 lunge
Utdanningsansvarleg overlege: Lungespesialist og avdelingsoverlege Lunge
Sverre Fluge

Forsking

Kvar utdanningskandidat må i løpet av sin tenestetid arbeide med eit
forbetrings- /kvalitetsprosjekt som må til slutt leveres og legges frem før
avsluttet teneste. Prosjektet er under veiledning av en lungelege og
avdelingsleder.

Det tilstrebes ellers at utdanningskandidaten får delta i andre vitenskapelige
prosjektar eller event. PHD-forskning i tenesten. Avdelingen er behjelpelig med
tilrettelegging av arbeidsplanen når det meldes interesse for slik forskning.

Gjennom åra har lungeavdelinga tatt del i spesielt mange kliniske studier innan
lungekreft men også innan obstruktiv lungesjukdom.

Styrking av avdeling Forsking og Innovasjon med tilsetjing av
forskningsjukepleiar 100% og forskningsbioingeniør 50% gir klinikar avlastning
og betre høve til å ta del i kliniske studier.

Deltar i følgande studier:

Impress (Overlege Sverre Fluge PI Haugesund/Helse Fonna)

SAMVAL studien utgått frå Helse Bergen – Lokal PI Sverre Fluge Overlege

Triplex studiet – Lokal PI Sverre Fluge / I Dag Olav Vrålstad LIS 3 Lunge

Tilrettelegg for at LIS3 gjennomfører GCP og presenteres kliniske studier og
dermed slik inviteres til å ta del i kliniske studier. **Individuell**

utdanningsplan

Ved tilsetjing vil det bli utarbeidd individuell utdanningsplan for LIS, som viser
kva LIS skal gjennomføre (læringsmål, læringsaktivitetar og læringsarenaer),
basert på kvar i utdanningsløpet LIS startar. Den individuelle utdanningsplanen
blir utarbeidd av LIS i samarbeid med veileidar og evt. utdanningsansvarleg
overlege. Planen skal godkjennast av leiar.

Simulering og ferdighetstrening

Viser til [Overordnet utdanningsplan LIS2 indremedisin Haugesund Sykehus.](#)

Tillitsvalte

Viser til [Overordnet utdanningsplan LIS2 indremedisin Haugesund Sykehus.](#)

Kontakt

Utdanningsansvarleg overlege for LIS 2 indremedisin ved Medisinsk klinikk:

Borghild Aakra

Klinikkoverlege i Medisinsk klinikk: Borghild Aakra

Utdanningsansvarleg overlege for spesialiteten i

lungesjukdomar/avdelingsoverlege lungeseksjonen: Sverre Fluge

(sverre.fluge@helse-fonna.no)

Rev. 12.02.2023 SF